



Tor Nesse  
Hundvinsvegen 86  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/5 - 15/19735

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
20.05.2015

## Svar på spørsmål om innsyn i saker på gbnr 56

Viser til møte på Lindås rådhus i går 19.05.2015

1. Vi har ikkje registrert byggesak for nytt hus på gbnr 56/9 Hundvin.
2. Eigedommen har tidlegar fått godkjent avkjørsle frå fylkesveg 57 (tidlegare riksveg 57). Sjå vedlegg.
3. Frå kommunen si vegavdeling har vi fått følgjande uttale om avkjørsle frå kommuneveg:

Teknisk drift ved vegavdelinga har, per dags dato, ikkje motteke søknad om utvida bruk av etablert «driftsavkjørsle» på gbnr 56/12. Det ligg derfor ikkje føre løyve frå vegmynde til å nytte denne avkjørsla til gbnr 56/9.

Driftsavkjørsla manglar i dag svingradius mot høgare ut i kommunevegen. Det er også dårleg sikt i avkjørsla grunna hekk og stort tre (som i følgje eigar av gbnr 56/12 er freda). I møte med byggesak vart det skissert ei anna alternativ løysing til avkjørsle lenger mot nordaust på gbnr 56/17. Vegavdelinga syntes dette er ei betre plassering av avkjørsle med omsyn til dei tekniske krav ein har til avkjørsler frå offentleg veg. Tekniske krav til avkjørsle finn ein i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold avkjørsler frå offentleg veg» samt i Vegnormal N100. Disse krava er heimla i Veglovens § 43.

Teknisk drift ved vegavdelinga har registrert ved hjelp av flyfoto at tilkomst til eigedom går over privat veg frå Fv. 57. Etter å ha sjekka i byggesaksarkivet fant vi eit avkjøringsløyve frå Fv 57. Det er her tilkomst til gbnr 56/9 er gitt. Statens vegvesen ga løyvet 07.08.1984. Det vert berre gitt eitt avkjøringsløyve per eigedom.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

56-9 Avkløyve

**Mottakarar:**

Tor Nesse

Hundvinsvegen 86 5956

HUNDVIN